



Randi Marie Hagen, Roagrendé, fødd 1959

Med unntak av eitt år, har eg vore på stølen kvart år sidan 1960. Stølen ligg på sørre Fjellstølen, eller Roafjellstølen som det heiter frå gamalt. Det var mange ungar her då eg var lita, og ikkje så einsamt som heime, så her var det godt å vere.

Alle åra på stølen har gjeve meg mange fine minner å sjå tilbake på. Noko av det fyrste eg hugsar, er at eg byrja å drikke kaffi då eg var tre år gamal, og at eg ofte bad nabokjerringa til kaffislabberas i dokkestova. Det at eg fekk besøk av ein vaksen, var stor stas.

Sjølve gardsdrifta var temmeleg tungvinn, og det var snauvt med pengar, så vi fekk til dømes ikkje bil før i 1974. Det var ei folkevogn som vart brukt til å køyre så vel sauer som mjølkespann i.

Eg tok over drifta då eg var 19 år gamal, sidan far min var dårleg, og eg dreiv garden heilt åleine i vel 30 år. Dei siste åra var eg veldig sliten, men eg tok ikkje om-

syn til det kroppen prøvde å fortelje meg. Så eg køyrde meg sjølv for hardt, og sleit meg heilt ut. Men til sist innsåg eg alvoret, og i 2013 vart krøtera leverte.

No driv eg med ein del frivillig arbeid, for eg synest det er veldig gjevande å kome meg ut og treffe andre, og kjenne at eg kan vere til nytte. Mellom anna les eg vers av Prøysen på ein kvileheim. Dette gler dei gamle seg stort over, og det er nesten ikkje måte på all takksemd eg får.

Ein annan ting eg har stor glede av, er å gå turar. Eg kan knapt tenkje meg noko som er betre både for kropp og sjel enn å vere til fjells, ta ein rast ved eit vatn og tenne eit bål. For om ein er litt tung til sinns før ein går ut, har alt vorte så mykje lettare når turen er omme.

TEKST OG FOTO:
ARNE MARTIN BØE

MØ I VALDRES

Med denne serien ynskjer vi å vise at «vanlege folk» i Valdres ikkje er vanlege. Alle har ei historie å fortelje. Veit du om nokon vi kan snakke med, send ein epost til redaksjonen@avisa-Valdres.no. Følg oss på facebook og på moivaldres.no